



Vegval langs rutene nordover

Av Harald Gjøsæter

I årets utgåve av Seilmakeren Doublehanded, som også er NM i doublehanded for NOR-rating-båtar, er det to ruter mot nord, ei som er lik den vi har segla dei siste åra, med runding Geitene, og ei ny rute som er noko lengre, med runding Kallsflua. Om, og i tilfelle kva for ei av desse løpa som skal seglast, og om eventuelt ulike klassar skal segla ulike løp, får vi vita kvelden før regattaen går av stabelen. Dette dokumentet gir litt innsikt i kva vegval ein har når ein skal segla eit av desse to løpa, mynta på dei som ikkje er kjende i dette området frå før. På kartet nedanfor er det indikert med piler nokre aktuelle vegar ein kan ta, og kvar av desse er diskutert i det følgjande.

Dei første 20 nautiske mila ut Hjeltefjorden til Fedje er det ingen grunnleggande vegval å ta, bortsett frå kor i fjorden ein vil leggja seg. Men det i seg sjølv kan vera viktig nok, for både straum og vind kan variera ein del, både med tidevatnet og med vindstyrke og -retning. Når det gjeld straumen, så er dette omhandla i ein eigen artikkel.

Ved Fedje skil gjerne båtene lag; dei som vil til havs kan velja å gå ut på sørsida av Fedje, om ein har det travelt med å koma seg ut, eller dei kan velja den litt kortare vegen aust og nord om Fedje, forbi Holmengrå. Ved passering Fedje ligg elles fleire val opne for seglarane. Ein kan gå ein NV kurs med sikte på å gå vest om Indrevær og Utvær. Dette vegvalet leier ein utanfor alle holmar og skjær, og var kanskje meir aktuelt då regattaen gjekk like til Florø. Og dette er ikkje kortaste vegen til runding, så denne vegen vel ein berre om ein har grunnar for å tru at større fart skal vega opp for den lengre vegen. Kor vinden er sterkast og kor han dør ut sist på natta vil variera med vêrsituasjonen, men med straumen er det annleis; han let seg lettare spå, men meir om det i ein annan artikkel.



Om ein ikkje vil vestom Utvær, kan ein velja å gå rett nord, og ta sikte på Straumfjorden, som er namnet på farvatnet mellom Ytre Sula (vestlegaste øya i Solund) og Indrevær-Utvær. Denne kursen går vestom alle dei små øyane vest for Byrknesøy i Gulen, så når ein har passert Holmengrå går også denne ruta utaskjers heilt til Sognefjorden er passert, og høver dårleg for dei minste båtene om været står hardt frå vestleg kant. I Straumfjorden går ei djup renne langs land, medan farvatnet rundt og mellom Indrevær og Utvær er rein «paddemark». Dei mange øyane og holmane vest om Straumfjorden gjev litt ly for sjøen i vestlege vindar, men det låge landet hindrar vinden i liten grad.

Straumsfjorden er difor det naturlege valet for dei som ikkje ser noko grunn for å gå heilt til havs, men samtidig vil unngå Ytre Steinsundet gjennom Solund, som ligg mellom Ytre Sula og Rånøya – Steinsundøya innanfor.

Ytre Steinsundet er skipsleia innaskjers mellom Bergen og Florø. Men her er det smalt, og så kjem gjerne Hurtigruta dunderande når det høver som dårlegast... Når ein kjem nord Ytre Steinsundet har ein minst to mulige vegar ut på Lågøyfjorden-Buefjorden. Kortaste vegen er å gå sundet til endes aust om Olderkalven, og så beine vegen på Nordaust over Lågøyfjorden og innom øya Ospa. Her er eit kronglete og smalt sund som kallast «Skomakaren». Det er godt merkt langs denne ruta. Men vinden har ein lei tendens til å døy ut her. Alternativt kan ein før ein kjem til endes på Ytre Steinsundet ta på norvest mellom Storøya og Olderøya, og vidare ut på Gåsværosen og på vestsida av Ospa ut på Buefjorden.




Er du retteleg uheldig møter du Hurtigruta akkurat her. Foto: Harald Gjøsæter

Men har ein først bestemt seg for Ytre Steinsundet, og det er det svært mange som har gjort i dei åra denne regattaen har gått mot nord, så tek ein gjerne ein NØ kurs ved Fedje, og stikk seg inn i Brosmeosen - Djuposen, og føl skipsleia nordetter på vestsida av Byrknes i Gulen. Her er litt ly for havet vestafor, og det er relativt reint farvatn å navigera i. Alternativt kan ein gå Rongeværslia, gjennom øyriket ytst i Austrheim for å ta beinaste vegen over til Brosmeosen, ein treng ikkje gå heilt til Fedje og runda Mikkelsboen.

Det går også an å gå innom Byrknesøy, til dømes gjennom Mjømnesundet, for å halda seg meir innaskjers mellom Fensfjorden og Sognefjorden. Dette er ein omveg, men stundom er også omvegar beste vegen til målet.


Når ein så har passert Solund, enten vest i havet, gjennom Straumsfjorden, eller gjennom Ytre Steinsundet, byrjar rundingsmerket Geitene å nærma seg. Har ein valt ei vestleg rute er det no på tide å byrja sikta seg inn Buefjorden sør for Værlandet og Bulandet, har ein gått gjennom Skomakaren er det strake vegen rett nord til Geitene. Den karakteristiske «Norske hesten» på øya Alden, eit stykke lenger nord, er eit sikkert seglingsmerke.



Det manglar ikkje landemerke når ein har passert Solund; øya Alden med den karakteristiske fjellet Hesten på 480 m ser ein frå «alle stader» langs denne kyststrekninga. Her sett frå Vilnesfjorden SØ for Alden. Foto: Harald Gjøsæter


Rundingsmerket Geitene består eigentleg av tre øyar; Indregeita, Medgeita, og Ytstegeita, som ligg på ei line frå SØ til NV. På Indregeita står det eit fyr, så kjem ein nattestid så er det greitt å sikta seg inn på fyret. Det kvite huset på fyret ser ein forresten godt i dagslys også. Og når så rundinga er

gjennomført, er det berre å ta kurs sørover att, og møta dei same vegvala som på turen opp, berre i motsett rekkefølge.



I år er det som alt nemnt to alternative løp mot nord. Vegvala fram til Geitene vil jo stort sett vera dei same som diskutert ovanfor, om ein då ikkje vel å gå vest og nord for Værlandet og/eller Bulandet. Dette er nok ein noko lengre veg, jamfør kartet her, men om det er god bær på havet

nordover så er det ikkje utenkeleg at nokon vil prøva seg på dette. Meir naturleg er det gjerne å passera enten aust eller vest om Geitene og enten ta sikte på sundet mellom Alden og Tvibyrge eller mellom Tvibyrge og Atløy. Gjer ein det siste, er det truleg best å gå ut på Stavfjorden rett aust av Tvibyrge, sidan ein skal runda Kallsflua som ligg vest for Smelvær (merket oppe til høgre på kartet). Sundet mellom Alden og Tvibyrge er langt opnare og lettare å navigera enn sundet mellom Tvibyrge og Atløy. Men vêrtilhøva har også noko å seia for kor ein bør gå. Høge øyar som Alden har ein eigen evne til å «fanga» vinden, både på lo og le side av øya. Til dømes i vind frå NV kan det bli veldig stille søraust av øya. Eller kanskje veldig stille til det plutselig kjem nokre fallvindar som legg mastetoppen i sjøen. Dei to fjella på Tvibyrge (namnet kjem av to berg) er langt mindre dominerande og vinden i dette sundet kan vera meir stabil i slike høve. Når ein er komen ut på Stavfjorden og har passert fyret på Tussen, som ligg like nord for Tvibyrge, har ein løkta Blåna ca 2 nm mot nord og ein grøn stake ca 2,5 nm mot nordaust. Denne staken ligg i vestkanten av Kallsflua og er rundingsmerke for det lengste løpet mot nord.



Kortaste vegen mellom start og runding er gjennom Herdlevær, Brosmeosen, Ytre Steinsundet og Skomakaren. Til runding Geitene vil det vera vel 52 nm kvar veg, til runding Kallsflua ca 60,5 nm. Sidan målgang er ved Småvær, 1,5 nm sør for Ramsøy, vil det totale strekket vera hhv. 105,5 og 122,5 nm. Ruta gjennom Ytre Steinsundet avvik ikkje mykje frå ei rett linje frå A til B. Ei rett line



Fyrhuset på Indregeita er godt synleg der det ligg høgt på haugen. I bakgrunnen ser vi Alden med det karakteristiske fjellet Norskehesten, og heilt oppe til høgre ser vi Tvibyrgje. Opphavsrett til foto: Visit Fjordkysten

er jo per definisjon kortaste vegen, men slett ikkje alltid den snaraste. Kor mykje tid tapar ein på å måtta ta mange fleire slag og jibbar om det er bidevind eller lens? Det kjem sjølvsagt både an på båten og på mannskapet. Og kor mykje kan ustabil vind eller mindre vind i desse sunda enn på havet utanfor seinka framdrifta? Det veit ingen, før ein har prøvd. På den andre sida; er det nok vind inne og krapp straumsgjennom på havet, vil i alle fall dei kortaste båtane ha mykje å vinna på å gå innaskjers.

Sporingsdata frå dei siste fem åra er framleis tilgjengelege (sjekka 5. januar 2026), så dei som vil, kan gå inn og analysere sporingsdata for å sjå kva vegval seglarane faktisk har gjort i tidlegare seglasar som har gått mot nord, i 2022 og 2024. Dei er tilgjengelege via lenkene nedanfor.

Sporing 2022: https://www.tracrac.com/event-page/event_20220604_Seilmakere_event3/2284

Sporing 2024: https://www.tracrac.com/event-page/event_20240524_Seilmakere/2892

Eg har også tidlegare lagt ut analysar for desse løpa her:

2022: <https://sailracesystem.no/regattasystem/regatta/meny/8362/AnalyseSDH2022.pdf>

2024: <https://sailracesystem.no/regattasystem/regatta/meny/9082/analyseavSDH24.pdf>

Men det er berre ein måte å finna ut kva vegval som vil svara seg i år: Meld deg på og delta! Studer karta nøye og gjer dine val ut frå kva du sjølv trur er det smartaste under dei rådande tilhøva. Kanskje er det du som finn den rette kombinasjonen denne gongen?

God seglas!